



Rapport pr 28 september 2021

Dette inngår i dagleg leiar sin rapport denne gangen:

- Dagleg leiar sin rapport, med ein kort presentasjon av RIR sitt ettersorteringsanlegg for å synleggjer kva som skjer i bransjen med omsyn til industrialisering og klimasatsing.
- Presentasjon av rapport ettersorteringsanlegg i Ålesundsregionen
- Presentasjon av budsjett 2022

Innsamla mengder pr august 2021:

3,5 % nedgang i mengd papir

Plast: 42 % auke med emballasjeplast levert Grønt Punkt i høve 2020.

29 % auke i mengd innsamla glas og metall.

3 % nedgang i matavfallmengd



Leverte mengder til miljøstasjonen pr august.

- 13 % reduksjon i mengd restavfall
- 14 % reduksjon i mengd trevirke
- På stasjonen rapporterast det at tal lass er som før. Men dei store lassa er det færre av.



Covid -19

- Når samfunnet no har opna opp, gjere vi det samme.
- Vil fortsetter likevel med slusing av bilar inn på anlegget for å ha kontroll og styring av avfallsmengdene som vert levert. I covid perioden har vi hatt mindre mengder avfall på avvegar inne på området, truleg fordi kundane har kunna køyrt direkte i hallen utan å stå i kø nedfor eller framfor hallen.
- Det har bidrege til eit ryddigare anlegg og mindre FA og brannfarleg materiale levert på feil stad.

Kommunikasjon:



- Aktivitet i perioden er knytt til kvalitetsavvik på papir, emballasjeplast og emballasje for glas/ metall.
- Det er stilt om VØR på Fb for tida. Lite kritikk.



Raud boks



- FA aksjonar på bygdene går no. Start 16 september
- Avsluttar med Grodås mandag 4 oktober.
- Resultatet så langt, syner mindre mengder enn tidligare år. Det er stort sett raude boksar, maling og elektro som kjem inn. Større mengder spillolje og blybatteri får vi ikkje inn lenger. Det kan tyde på at etter fire år med FA innsamling, så har i alle fall dei av innbyggjarane som er opptatt av slikt, fått rydda bort gamle lager.
- Tilbakemeldingane frå kundane om tilbodet er udelt positive.

Slamtøming 2021.



- Hornindal blir tatt no i september / oktober.
- Vi har levert 970 tonn mellomagra slam/ flis frå Alida til Lindum, avd Eidfjord.
- Det går ut 1200 tonn torsdag denne veka og resten seinare i haust.

Andre saker.

- Vi er i rute til å få på plass månadsfakturering av gebyr frå 2022. Vi må bytte rekneskapsprogram til Visma Business, og då er der nokre revisorstyrte rutinar som må følgjast opp i høve føring av og avslutting av reskontro, pluss lagringstid av rekneskapsdata.
- Documaster –meir systematisk journalføring i drift
- Kvalitetskontroll papirbeholdarar / glas –metall
- Plukkanalyse rest- og mat-avfall gjennomførast i nov. (som i fjor.)
- Kalender for 2022 og nyhendebrev vert sendt ut i november.

ISO 9001.

- Leiinga sin gjennomgang torsdag 16 september.
- Resertifisering med Verify den 15 november
- Elektronisk tilgang og meldingsverktøy skal no implementerast i løpet av hausten




Kvalitet på emballasje av glas og metall levert Sirkel Glass.

Det positive:.

- Vi har fire trekk i 2021.
- Snø og is i februar.
- 20 % trekk på lass levert august grunna store gjenstandar
- 20 % trekk på begge lassa levert september grunna store gjenstandar
- Og vi har no fått varsel om tillegg for lastetid over 2 timar.

Kvalitet på papiret: fortsatt plast og restavfall innblanda. Det er vanskeleg å oppdage avvik. Administrativt har vi lagt inn seperat innsamling av plast, og etterkontroll / balletering i budsjettet, for å kome dette til livs i løpet av andre halvår 2022.



Off. anskaffingar (investeringar.)


- Utstyr som skal vere klart til oppstart Melsgjerdet 3, startar no. Det gjeld og utstyr på miljøstasjonen som skal vere operativt frå 01 juli 2022.
- Containerar til emballasje for glas og metall, hytteavfall m.m.
- Ny kontrakt for mottak av Matavfall frå 1 juli 2022.
- Dieselkjøp 2022-25
- Papirpose og oppsamlingsstativ i kjøkenskuff for dei som ynskjer å delta i frivillig ordning. Det blir kjøpt inn no i haust, slik at vi er klar frå nyttår.

Samarbeid
RIR, ÅRIM, SSR
og VØR

- Møte hos Årim 15 september
- Seminar med tema Biogass arr. Av KS. Deretter møte om framdrift.



Tilsyn – farleg avfall – regjering - EU



- Klima er i fokus for tida, og blir venteleg eit enda større tema i neste strategi og kommunikasjonsplan.
- RIR sitt ettersorteringsanlegg med balletering og fjerning av metallar, har elektrifisering og all handsaming av avfall under tak, som ein raud tråd. Målet er redusert bruk og vedlikehald av hjullastar med 70 %. Satsinga deira synleggjer at også VØR kan oppnå betre resultat på miljøstasjon og i omlasting, ved omlegging av drifta.



Oversikt over arbeidsflyten



Avfall frå grovavfall og hushaldningsavfall blir blanda i kværna. Magnetisk metall skilt ut deretter.



Etter sortering i Eddie Current seperator i 6 fraksjonar, går resten, ca. 70 % til balletering og forbrenning. Eit reint brennbart produkt og høg vektutnytting på transport.



Status omlasteanlegg Melsgjerdet- 3.

- Det er god framgang i bygginga.
- Lager- og omlaste-hall for mat og restavfall er tilnærma ferdig med omsyn til betongveggar. Stålarbeidet er godt i gang. Framdrift følgjer plan om tett tak i nov/ des. Støyping av golv deretter.
- Omlastehall papir har fått fundamenta på plass. Dei har starta med å sette opp vegg mot vest. Plan om tett tak medio januar.
- Leidningar for vatn, avlaup, straum og fiber er så godt som ferdig lagt.
- Straum frå nett er planlagt framført 1 oktober.

Bilder frå Melsgjerdet 3 den 23 september.
Papirhall og omlasting / vaskehall.



Stripefundament papirhall til venstre. Fundament for garderobes/driftskontor i midten. Montering av vegg mellom vaske- og lastehall til h.



Omlasting og vaskehall



Status omlasteanlegg Melsgjerdet-2.

- Endringsløyvet gitt av Statsforvaltaren 27 mai, er klagt inn for Miljødirektoratet.
- Statsforvaltaren har handsama klagen, og ikkje gitt den oppsettjande verknad.
- Sakshandsamingstid i Miljødirektoratet er for tida 5 månader etter at klagen er motteken i MD, har vi fått opplyst.

Ny dagleg leiar.

- Dagleg leiar har varsla styret om at han ynskjer å gå av i 2022. Etter drøfting med styret blir siste formelle arbeidsdag 31.12.2022.
- Styret er i gang med prosessen med å finne ny dagleg leiar, og tek sikte på å ha denne på plass hausten 2022.

Endringar i VØR sin organisasjon.

- Kommunikasjonsansvarleg Ina Osdal Saure sluttar pr 30 november, for å ta til i stilling i Miljødirektoratet.
- Anne Mette Farstad (driftsleiar) har takka ja til konstituering i hennar stilling Ho vil fortsatt ha ansvaret for dei overordna satsingane og saksutgreiingane når det gjeld drift.
- Det vert lyst ut internt arbeidande arbeidsleiar stillingar for å dekke opp det operative i dagens driftsleiar sitt ansvar.
- Arbeidsleiar miljøstasjon / vekt/ publikumsmottak.
- Arbeidsleiar innsamling (og omlasting frå juni/ juli 2022 når Melsgjerdet 3 opnar).